



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref
2019/78/8/033

Dykkar ref:
«REF»

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
10.05.2019

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat fra møte i Brukarrådet 10. mai 2019

Møtetid: 09:00 – 11:00

Møtestad: Bispen

Fråfall: Mari Langleite Barrusten – Ola Haugen innkalla og møtt

Eva Therese Hyrve møtte ikkje

Referent: Andrea Brennhaug

Sakliste
Sak nr. 10/19: Godkjenning av innkalling/sakliste. Godkjenning av referat.
Sak nr. 11/19: Fargevalg HFF bustadar – Ove John Plassen.
Sak nr. 12/19: Høyring – felles TT- ordning for Innlandet fylkeskommune.

Sak nr. 10/19

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Referat godkjendt.

Sak nr. 11/19

Fargevalg HFF – bustadar.

Ove John Plassen og Randi Marit Bersu møtte og orienterte om fargevalg på nye HFF bustadar.
Brukarrådet har ikkje merknad til valga.

Sak nr. 12/19

Felles TT – ordning for Innlandet fylkeskommune.

Brukarrådet undrar seg over at kommunen ikkje har bede Brukarrådet om ei uttale. Brukarrådet teke derfor opp saka på eige initiativ.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Rådet har følgjande merknader til høyringa:

- Det er positivt at det blir slutt på tildeling av heimlar. Alle som fyller kriteria får innvilga søknad.
- Det er viktig at avgjerala vert gjort i nærleiken av brukaren (kommunen). Det bør utøvast meir skjønn ved tildeling. Tilhøve som nedre aldersgrense, eigen bil og aktivitet er noko som bør vurderast ved avgjerdslag.
- Brukarrådet meiner at forslaget frå arbeidsgruppa er distriktsfiendtleg.
- Arbeidsgruppa sin modell fell meir saman med Hedmark sin modell. Brukarrådet ser dette som ei dårligare løysing.
- Brukarane har ikkje vore representert i arbeidsgruppa som har utarbeidt forslaget.
- Klagesaker bør ha eigen klagenemnd (Innlandet fylke).

Referatet blir sendt til rådmannen, som blir beden om å referere innspelet frå Brukarrådet når saka skal handsamast i Formannskapet.

Eventuellt:

Brukarrådet ynskjer å invitere den nye rådmannen – Ivar Bø til neste møte.

Saker dei ynskjer å snakke med han om er samanslåing Eldreråd/Brukarråd, funksjon til Brukarrådet og rutiner for at Brukarrådet skal få dei sakene dei skal uttale seg om.

Sekretær får i oppgåve å avtale tid.

Kopi til:
Ivar Bø